



SAKSHANDSAMAR
Eva Sætersdal Walderhaug

VÅR REF.
14/00153-16

DYKKAR REF.
2014/1022-2

INNVALSTELEFON

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

ARK. Forvaltningsarkivet
510.8

DYKKAR DATO
VÅR DATO
08.04.2014

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

15 APR 2014

Statsbudsjettet 2013 kap. 1429 post 70 - Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) - Tilsegn om tilskot til Hordaland fylkeskommune

Riksantikvaren viser til søknad datert 14.01.14.

Frå Statsbudsjettet 2014 kap. 1429 post 70 er det i år sette av totalt 10.3 millionar kroner til skjøtsel av arkeologiske kulturminne innanfor bevaringsprogramma BARK og BERG. Riksantikvaren har i år motteke søknader om tilskot for nær 11.2 millionar kroner.

BARK er ei tiårig satsing på skjøtsel, tilrettelegging og formidling av eit prioritert utval arkeologiske kulturminne. I handsaminga av søknader vert krava og kriteria som er omtala i vårt informasjonsskriv av 18.12.13 vektlagd. Lokal forankring, samarbeid om finansiering og langsiktige planar for skjøtsel- og vedlikehald er viktige føresetnader for tilskot.

Tilsegn om tilskot for 2014

Riksantikvaren gir tilsegn om tilskot på inntil kr. 105 000,- i 2014.

Riksantikvarens merknader

Tilsegna gjeld prosjekta vist nedanfor:

Prosjekt	Kostnad	Søknad	Tilsegn
Skjøtsel Munketrappene	80 000	40 000	40 000
Skjøtsel og tilrettelegging Ruskeneshellaren	50 000	25 000	25 000
Skjøtsel av gravhaugar på Stødleterrassen	90 000	40 000	40 000
Sum	220 000	105 000	105 000

Det er viktig at det vert utarbeida skjøtselsplanar i år for kulturminne som inngår i prosjekta. Vi saknar eit meir detaljert budsjett og ber difor om eit detaljert prosjektregnskap i samband med rapportering. Dette gjeld også for prosjekt som fekk tilskot i 2013 og som ennå ikkje er avslutta.

Riksantikvaren minner om at det for alle skjøtsels- og tilretteleggingsprosjekt skal vere utarbeida skjøtselsplan eller vere skjøtselsplan under utarbeiding som del av prosjektet, og at det for større prosjekt bør vurderas å avtalefeste ansvar for oppfølging og finansiering. Informasjon om lokalitetar som vert omfatta av dei planlagde skjøtsels- og tilretteleggingstiltaka må oppdateras i Askeladden.

Riksantikvaren understreker at skjøtsels- og tilretteleggingstiltak kan medføre inngrep som krev dispensasjon fra Kulturminneloven. Dette gjeld også i tilfelle der det er gitt tilsegn om tilskot. Tilsegna gis difor under føresetnad av at nødvendige godkjenninger ligg føre før tiltaka vert utførte.

Klagehøve

Vedtaket kan klagast til Miljøverndepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage blir stilt til klageinstansen, men blir sendt til Riksantikvaren innan tre - 3 - veker frå dette brevet er mottatt, jf. forvaltningslova § 29.

Tilskotsreglementet

Med tilvising til Tilskotsreglementet § 10 gjer vi merksam på at Riksantikvaren har høve til å føre kontroll med at tilskotet blir brukt etter føresetnadane. Riksrevisjonen har tilsvarende kontrollhøve heimla i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

Utbetalning, rapportering og regnskap

Tilskotet utbetalas etter at tiltaket er gjennomført og rapport og regnskap er sendt Riksantikvaren. Av omsyn til statsforvaltingas fristar må krav om utbetaling saman med rapport og regnskap være Riksantikvaren i hende innan 1. november 2014. I forbindelse med rapportering og regnskap vil vi komme tilbake med meir detaljerte retningsliner ved behov.

Vedlagd følgjer *Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 70*. For utbetaling av tilskot, er det ein føresetnad at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget blir akseptert. Dette gjerast ved å fylle ut vedlagde akseptskjema og returnere til oss innan 4 veker etter at dette brevet er motteke.

Tiltaka følgjes opp etter behov med rådgjeving, kontroll og godkjenning ved Eva S. Walderhaug, spørsmål knytte til tilsegna kan rettes direkte på tlf. 98 22 87 19 eller e-post esw@ra.no.

Riksantikvaren ynskjer lykke til med årets arbeid!

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)
Seksjonssjef

Eva S. Walderhaug
Seniorrådgjevar

Vedlegg: 2

Kopi til: Universitetet i Bergen - Universitetsmuseet, pb 7800, 5020 Bergen